

Eit nytt regionalt norsk arkivlandskap?

“Situasjonen for de kommunale og fylkeskommunale arkiver i Norge er på de fleste punkter lite tilfredstillende og i mange tilfeller direkte skandaløs”.

Dette er Næss-utvalet sine ord frå 1984. Utvalet meinte, til liks med det såkalla Bjørkvik-utvalet, at det måtte satsast på eit nært samarbeid mellom kommunane og Arkivverket for å betra tilhøva for både eldre og nyare kommunale arkivsaker. På denne bakgrunnen tok den nye riksarkivaren, John Herstad, initiativet til å få etablert interkommunale arkiv rundt i landet. Som kjent fanst det då eitt slikt arkiv, IKA Rogaland, som Hans Eyvind Næss hadde fått oppretta frå 1976, saman med nokre få andre kommunale arkiv med Bergen Byarkiv som det største.

Dagens arkivlandskap

I dag, tjue år seinare, finst det jamsides det statlege Arkivverket, ein eigen kommunal arkivsektor med rundt 20 interkommunale arkiv, byarkiv og fylkesarkiv, som ofte vert omtala som KAI-institusjonane. Desse kommunale arkivinstitusjonane har ca. 125 faste stillingar. Til samanlikning har dei 8 statsarkiva ca. 105 stillingar, og Riksarkivet rundt 90. Det sentrale norske arkivlandskapet omfattar også Samisk arkiv (no tilknytt Arkivverket), Stortingsarkivet saman med Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek og Opplandsarkivet. I alt kan det vera tale om 350 faste stillingar. I tillegg kjem ein omfattande underskog av av ulike kommunale arkivdepot, lokalhistoriske arkiv, spesialarkiv og kombinerte bevaringsinstitusjonar, dvs. museum og bibliotek som tar vare på arkiv. Når arkivkartleggingsprosjektet til ABM-utvikling er avslutta vil me vita meir om bevaringssituasjonen for norske arkiv.

Tilstanden er med andre ord ikkje lenger skandaløs, tvert imot på veg til å verta tilfredsstillande. Men dels har ein enno ikkje nådd målsetjingane frå tjue år tilbake, dels stiller ein i dag nye og høgare krav til profesjonell arkivbevaring og arkivformidling enn tidlegare.

Dette kjem klart fram både i ABM-meldinga frå 1999 og Kulturmeldinga frå 2004. Rett nok er den kommunale arkivsektoren i desse meldingane berre delvis omtala, av di departementet grovt sett avgrensar den statlege politikken og innsatsen på arkivområdet til det statlege Arkivverket. Det manglar såleis framleis ein samla nasjonal politikk for arkivområdet.

Politiske signal

I Kulturmeldinga er det peika på at den samla arkivsektoren står overfor omfattande utfordringar. I alt fem område er nemnt: 1) Samla styrking av Arkivverket, 2) Bevaring av elektronisk arkivmateriale, 3) Sektorvise prosjekt for bevaring og kassasjon, 4) Utvida formidling av arkivmateriale, og 5) Meir heilskapleg dokumentasjon av samfunnsutviklinga.

Særskilt for den kommunale arkivsektoren minner departementet for det første om ABM-meldinga si oppmoding om skiping av interkommunale arkivordningar i dei fylka der slike enno ikkje fanst; dvs. Akershus, Hedmark og Oppland.

Dernest er det ønskjeleg at kommunar i fylke med eksisterande arkivordningar som framleis ikkje er medlemer, melder seg inn dersom dei ikkje har ”handfaste planar om å løysa arkivoppgåvene sine på annan måte.” Det gjeld i dag 83 kommunar. I alt er det no 144 kommunar med 1,4 mill. innbyggjarar som ikkje er med i ei IKA-ordning eller har eige kommunearkiv/byarkiv.

Vidare vart kommunane oppmoda til å byggja opp dei interkommunale arkivordningane til depotinstitusjonar, dvs. til felles regionale arkivdepot.

I Kulturmeldinga er det teke til orde for ein meir heilskapleg dokumentasjon av samfunnsutviklinga. Det heiter i meldinga at:

Som ein utviklingsstrategi på arkivområdet må det i større grad ein hittil siktast mot å bevare og formidla eit breiare spekter av arkiv, for å leggja til rette for heilskapleg dokumentasjon av samfunnsutviklinga, dvs. at ein må få ein betre balanse mellom statlege, kommunale og private arkiv, og at offentleg og privat sektor vert sett meir i samanheng.

Men det viktigaste politiske signalet i Kulturmeldinga er likevel følgjande formulering:

”På noko lengre sikt - fram mot 2014 - bør ein kunna sjå føre seg eit arkivlandskap som er bygd opp rundt eit nettverk av sterke regionale arkivinstitusjonar med ansvar for bevaring og formidling av arkiv frå både kommunal og privat sektor. Det vil òg vera interessant å vurdere i kva grad eit slikt nettverk kan sjåast i samanheng med dei regionale statsarkiva, som i dag er ein organisatorisk del av det statlege Arkivverket.”

Riksarkivaren sitt mandat for Nysæter-utvalet

På denne bakgrunnen formulerte Riksarkivaren denne målsetjinga med Nysæter-utvalet sitt arbeid:

”Hensikten med utredningen er å gi Riksarkivaren begrunnede forslag til vidare utvikling av arkivinstitusjoner i kommunal sektor. Riksarkivarens mål er, i tråd med det som er sagt i St.meld.nr. 48, (2002–2003) Kulturpolitikk fram mot 2014, å kunne utvikle IKA-ordningen til å inngå i et landsdekkende nettverk av sterke regionale arkivinstitusjoner. Med dette for øye er det viktig å få identifisert og vurdert grunnleggende arkivfaglige oppgaver og hensiktsmessige rammebetingelser for interkommunale arkivinstitusjoner som kan tjene til å oppfylle arkivforskriftens krav til depotfunksjoner o.a.

Når det gjelder rammebetingelsene ønsker Riksarkivaren at utvalget både kartlegger og vurderer hvilke betingelser av kompetansemessig, økonomisk, juridisk og organisatorisk art som må være til stede for å gi et systematisk utviklingsarbeid riktig retning. Riksarkivaren ser også gjerne at utvalget drøfter og gir eksempler på praktiske gjennomføringsmodeller i denne sammenheng.”

Det er altså ein viktig premiss at det trengst å få utvikla sterke regionale arkivinstitusjonar med ansvar over forvaltningsgrensene, og at det spesielt er IKA-ordninga som treng styrking.

Arkivdepot – ei minimumsordning

Utgangspunktet er arkivforskrifta sine reglar om oppretting av arkivdepot i kommunar og fylkeskommunar. Eit minimum for slike depotordningar er plassering av løpande ansvar for materialet, nødvendige lokale, føring av register og at materialet blir gjort tilgjengeleg for publikum innan nærare fastsette rammer slik som gjeldande føresegner om innsynsrett, teieplikt og gradering. Kommunar og fylkeskommunar kan anten sjølv etablere arkivdepot eller overføre depotoppgåver til ei interkommunal depotordning.

I dag er IKA-ordningane i ferd med å oppfylla arkivforskrifta sine krav til depotfunksjonar. Mange institusjonar er byrja å fungera som fellesdepot for det eldre arkivmaterialet i sine medlemskommunar, men alle har slike planar. Dei fleste medlemskommunane har akseptert ei slik sentralisering av arkiva som ei betre og meir kostnadseffektiv ordning enn å byggja opp eigne depot. Berre i dei største bykommunane er det grunnlag for eigne arkivinstitusjonar.

Arkivforskrifta si depotordning er å rekna som ei minimumsordning. Eit arkivdepot i regelverket sin forstand kan ikkje seiast å vera ein fullverdig arkivinstitusjon. Utvalet meiner at ein fullverdig eller såkalla sterk arkivinstitusjon, også må kunna ivareta ei rekkje andre funksjonar som samla set institusjonen i stand til å fungera som ein kulturinstitusjon og samfunnsinstitusjon. I det følgjande skal eg kort ta for meg stoda for dei kommunale arkivinstitusjonane på områda arkivdanning, bevaring og formidling, for deretter å sjå på nokre viktige rammevilkår.

Arbeid med arkivdanning

Dei fleste av dei kommunale arkivinstitusjonane stiller sterkt når det gjeld arbeidet med arkivdanningsspørsmål. Her er det lagt eit godt grunnlag for seinare bevaringsarbeid. Det er særleg interessant at samarbeidet om elektronisk arkivplan har resultert i produkt som er forvaltningsuavhengig. Mange statsinstitusjonar har difor alt teke i bruk denne reiskapen.

Det er også grunn til å merka seg at overgangen til sentralarkiv i kommunane saman med aukande bruk av elektroniske arkiv dei siste åra, har resultert i spørsmål frå fleire kommunar om arkivinstitusjonen også kan overta sentralarkivfunksjonen. I til dømes Bergen kommune er sentralarkivet frå 2004 ei eiga avdeling i byarkivet. Elektronisk arkivering fremjer difor både sentralisering av arkivfunksjonane og samkøying av aktivt arkiv og arkivdepot. Dette er særleg interessant fordi det er avgjerande for ei effektiv bevaring av elektroniske arkiv, at bevaringsarbeidet byrjar før arkivsystema vert skapte og tekne i bruk.

Så å seia alle dei kommunale arkivinstitusjonane er tillagt eit formelt eller reelt overordna ansvar for arkivdanninga i sine kommunar. Kontakten med dei arkivskapande organa er omfattande i form av tilsyn, opplæring, rettleiing og konsulenthjelp ved utarbeiding av arkivinstruksar og arkivplanar. Den kommunale arkivsektoren har såleis mykje å tilføra den statlege arkivsektoren på dette området.

Bevaringsutfordringane – privatarkiv og elektroniske arkiv

Når ABM-utvikling sitt arkivkartleggingsprosjekt er avslutta, vil me ha eit meir detaljert bilete av kva som er bevart og tilgjengeleg av private og kommunale arkiv. Men alt no kan ein utan vidare slå fast at bevaringsgraden varierer sterkt på grunn av manglande arkivinstitusjonar, manglande medlemskap i eksisterande arkivordningar og manglande ressursar først og fremst til privatarkivarbeid. Særleg dei interkommunale arkiva har til no måtta konsentrera seg om å berga og få ordna eldre kommunalt materiale. Og det står framleis mykje att før alt kommunalt arkivmateriale eldre enn ca. 1965 er ordna og katalogisert i samsvar med gjeldande regelverk. I tillegg kjem yngre bevaringsverdige arkivmateriale.

Departementet varsla i ABM-meldinga frå 1999 ei statleg støtteordning for arbeidet med privatarkiv. Lovnaden er repetert i kulturmeldinga frå 2004 med eit tillegg om at ordninga bør ha ei todelt innretning: ”Det eine elementet vil vera å stø arbeidet med berging, ordning og katalogisering, det andre å stø ulike formidlingstiltak. Elles vil ABM-utvikling av generelle prosjektmidlar kunna gje støtte til ei rad andre tiltak som òg har relevans for privatarkivarbeidet, til dømes kompetanseoppbygging og utforming av bevaringsplanar.”

Det er etter utvalet si meining ingen grunn til å venta lenger med å setja i verk denne ordninga. Med Riksarkivarens såkalla 'nasjonale system for bevaring av privatarkiv' og oppnemning av fylkeskoordinerande institusjonar er det lagt eit godt grunnlag for ei opptrapping av innsatsen på dette arbeidsområdet slik at det kan bli ein betre balanse mellom bevaring av offentleg og privat materiale.

Bevaring av elektroniske arkiv (elarkiv) er med rette sett på som ei stor utfordring. Også her er ein på etterskot, men fleire kommunale arkiv har fått sine første elarkiv-stillingar samtidig som det er starta eit lovande nasjonalt samarbeidsprosjekt mellom kommunale arkivinstitusjonar, LLP, Riksarkivet og ABM-utvikling for å "utveksle arkivfaglig og teknisk kompetanse for å tilrettelegge og effektivisere bevaringsarbeidet på tvers av kommune- og fylkesgrenser."

Om å få liv i død kapital eller formidling

Både i ABM- og Kulturmeldinga er det lagt særleg vekt på institusjonane si plikt til å driva ei effektiv og aktiv formidling av samlingane (særleg ABM-meldinga s. 16–17). Også Stortinget har i sine merknader til meldingane understreka behovet for auka satsing på formidling. Statssekretær Yngve Slettholm i Kultur- og kyrkjedepartementet formulerte dette slik då han opna det første norske arkivmøtet for to år sidan:

"For det er virkelig grunn til å spørre om ikke mye av den kunnskaps- og opplevelseskapital som befinner seg i magasinene både i museer, biblioteker og arkiver, blir utnyttet altfor dårlig. Den ligger der som et helt nødvendig kilde- og referansemateriale for profesjonell og offisiell bruk. Men for de brede lag av folket kan det hevdes at det i altfor stor grad dreier seg om død kapital."

I Kulturmeldinga er vekta nokså einsidig lagt på intensivering av arbeidet med å "digitalisera utvalde kjeldeseriar og gjera dei tilgjengelege gjennom nettbaserte tenester" i tillegg til tilgang til gode katalogar. Meldinga nemner problem med digitalisering av arkiv som formidlingsmetode og meiner det er behov for både arkivfagleg og formidlingspedagogisk metodeutvikling på området. Også problemet med utveljing av materiale for nettformidling er stort. Som kjent har ABM-utvikling nyleg peika ut Sogn og Fjordane fylke som prøveregion for nettbasert kulturformidling for å få utvikla og prøvt ut ulike former for nettbasert kulturformidling som kan ha overføringsverdi til andre delar av landet. Innhald, tenester og brukarar skal stå i fokus, heiter det.

I dag er det berre nokre få av dei kommunale arkivinstitusjonane, som t.d. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og byarkiva i Bergen og Oslo, som har makta å satsa særleg på utoverretta formidling. Arkiva er heller ikkje særleg aktive deltakarar i storsatsinga Den kulturelle skulesekken. ABM-utvikling har teke initiativ til eit samarbeidsprosjekt om arkivformidling i skulane med utgangspunkt i læreplanverka for å få bygt opp kompetanse og røynsle både hos deltakarane og i ABM-utvikling. Neste steget må vera ressursar til formidlingsstillingar i dei kommunale arkiva.

Arkiva som kulturinstitusjonar

Samla sett bør ein arkivinstitusjon fungera som ein *kulturinstitusjon* eller eit *historiesenter* ved ha høg profil når det gjeld kunnskapsformidling til folk flest og kontakt med levande forskingsmiljø på ulike nivå i regionen. Institusjonen bør også sjølv vera i stand til å ta

initiativ til og gjennomføra forskings- og utviklingstiltak. Dei regionale arkiva bør som det heiter om landsarkiva i Sverige, vera basisinstitusjonar for forskning og kultur.

Lokale, personale og kompetanse

Det har skjedd ei kraftig utbygging av depotkapasiteten i fleire av kommunearkiva og statsarkiva. Samtidig er det mange stader konkrete planar om utviding. Eg nemner eit nærliggjande døme for meg: Den store kapasitetsauken i Hordaland og Sogn og Fjordane med nytt Bergen Byarkiv med 25-40.000 hm i fjor, nytt fylkesarkiv i Sogn og Fjordane med 10.000 hm i år, og utviding ved Statsarkivet i Bergen med 25.000 hm ferdig i 2007. Samla vil dette statsarkivdistriktet – med 1/8 del av folketalet i landet – om få år ha magasinplass til nærare 100.000 hyllemeter. Det nye arkivsenteret Dora her i Trondheim er eit anna gledeleg døme. I tillegg til magasin følgjer dessutan med auka kontorplass, lesesalar og undervisningsrom.

Dei fleste av dei regionale kommunale arkivinstitusjonane har for lite personale for å greia dei mange arbeidsoppgåvene. Det er også vanskeleg for små institusjonar når medarbeidarar sluttar og dermed tar med seg viktig kompetanse.

Nettopp kompetanse er eit anna viktig rammevilkår. Utvalet konstaterer at det alt er i gang eit omfattande arbeid for å styrka den arkivfaglege kompetansen ved institusjonane. Område som bør prioriterast er elarkiv, formidling og arbeidet med privatarkiv.

Oppsummering av behovet for styrking av kommunalt arkivarbeid

Denne gjennomgangen viser at på rekkje arbeidsområde er ein godt i gang med eit framtidsretta arkivarbeid i kommunal sektor, men også at det finst ei rekkje uløyste eller halvt løyste arbeidsoppgåver som påvist i ABM- og Kulturmeldinga.

Dei viktigaste tiltaksområda er:

- etablering av interkommunale arkiv i dei regionane som manglar slike, og rekruttering av kommunar som medlemmer i eksisterande arkiv
- styrking av bevaringsarbeidet særleg for elektroniske arkiv og privatarkiv
- sterkare vekt på formidling slik at institusjonane får meir preg av kulturinstitusjonar enn forvaltningsorgan

Konklusjonen er at dei fleste av dei kommunale arkivinstitusjonane i dag har for lite personale, for små lokale og også på mange felt for liten kompetanse til å løysa desse oppgåvene på ein profesjonell måte. Det er difor ikkje vanskeleg å slutta seg til Kulturmeldinga sine ord om behov for sterkare regionale arkivinstitusjonar.

Eit nytt regionalt arkivlandskap

Utvalet har festa seg ved tre ulike modellar som kan vera aktuelle med sikte på å få etablert et nettverk av sterke regionale arkivinstitusjonar: IKA-modellen, Arkivsenter-modellen og Regionalarkiv-modellen. Men desse modellane må også sjåast som tre ulike nivå i utviklinga av den regionale arkivsektoren.

IKA-modellen

På grunnlag av dagens modell med sjølvstendige arkivinstitusjonar for kvart forvaltningsnivå kan, og bør ein, halda fram med utbygging av nye interkommunale arkiv og styrking av dei regionale arkiv som alt finst. Dette er i samsvar med ABM-meldinga frå 1999, medan kulturmeldinga som nemnt opnar for eit tettare samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane og statsarkiva. IKA-modellen vil altså seia same struktur som i dag, men med ei styrking og utvikling av institusjonane.

Arkivsenter-modellen

Eit arkivsenter kan definerast som samlokalisering av ulike sjølvstendige, store og små arkivinstitusjonar. I eit slikt senter vil ein lettare kunna få i gang kompletterande samarbeid, sannsynlegvis ein positiv synergieffekt og gjera det lettare for publikum å få tilgjenge til eit breitt spekter av arkivmateriale. ”Arkivenes hus i Stavanger” som opna i fjor vår, med statsarkiv og IKA under same tak og med tett dagleg samarbeid, er eit døme på eit slikt senter, Arkivcentrum Syd i Lund eit anna, jf. Jan Dahlin si orientering.

Det kan også vera aktuelt med samlokalisering med andre typar institusjonar som bibliotek og musé. I Arendal har Aust-Agder-Arkivet sidan 2003 vore ein sjølvstendig del av Aust-Agder kulturhistoriske senter. I Trondheim vil statsarkiv, byarkiv og IKA utgjera eit ABM-senter i Dora saman med delar av Universitetsbiblioteket i Trondheim. I Bodø kan det verta samlokalisering av Arkiv i Nordland og Salten museum.

Som ein ser er arkivsenter-modellen evt. samlokalisering med museum/bibliotek i ferd med å bli realisert fleire stader i landet. Ein viktig bakgrunn er at halvparten av dei 12 IKA-ordningane har nær fysisk tilknytning til statsarkiva.

Regionalarkiv-modellen

Verken IKA- eller arkivsenter-modellen bryt drastisk med noverande arkivorganisering. Det gjer derimot regionalarkiv-modellen som er den modellen, som utvalet ser som ei ønskjeleg organisatorisk løysing.

Utvalet tar i si drøfting utgangspunkt i arkivmaterialet i eit geografisk område, og meiner at materialet må sjåast som ein heilskap uavhengig av kven som har skapt det. Med andre ord er det lagt eit brukarperspektiv til grunn. Men det er også grunn til å nemna at det er tendensar i dag innan offentleg forvaltning til arkivskaping på tvers av forvaltningsnivåa. Og at i framtida vil den geografiske dimensjonen vera irrelevant.

Samfunnssektor (offentleg, privat) og forvaltningsnivå (stat, fylke, kommune) er mindre viktig for brukarane, og bør også vera underordna når ein skal skapa sterke regionale arkivinstitusjonar. Utvalet rår difor til at ein ikkje avgrensar vidare arbeid med organisasjonsstrukturen til det snevre kommunale arkivfeltet, men ser på heile det regionale arkivlandskapet, og også det nasjonale nivået der det er nødvendig.

Regionalarkivmodellen vil seia å etablere nye regionale arkivinstitusjonar som har ansvar for både offentleg og privat arkivmateriale i ein nærare avgrensa region. Ein slik institusjon vil altså normalt ha både statleg, fylkeskommunalt, kommunalt og privat arkivmateriale i sine magasin. Institusjonen må ta opp i seg statsarkiv, fylkesarkiv og interkommunale arkiv der desse alt finst. Med dagens språk vil det innebera ei konsolidering av eksisterande arkiv, dels kan det vera tale om oppbygging av nye arkiv i område som i dag ikkje fysisk har eigne arkivinstitusjonar. Det må sjølvstendig vurderast nærmare om det er ønskjeleg å desentralisera

det statlege arkivmaterialet. Spørsmålet er om statleg arkivmateriale skal flyttast til Nordland og Sogn og Fjordane, for å ta eit par aktuelle eksempel.

I dag er det lokalisert eitt eller fleire regionale offentlege arkiv i alle fylke med unntak av Akershus, Telemark og Nord-Trøndelag. Det har vore arbeidd med å få etablert fylkesarkiv/interkommunalt arkiv i Akershus og fylkesarkiv i Nord-Trøndelag. Også i Finnmark, der det finst interkommunalt arkiv, har det vore arbeidd med planar om eit fylkesarkiv. I Telemark ligg det ikkje føre planar om noko fylkesomfemnande offentlig arkiv. Fylkeskommunen og mange av kommunane samarbeider med grannefylka Buskerud og Vestfold om respektive interkommunalt arkiv (IKA Kongsberg) og koordinerande arkivinstitusjon for arbeid med privatarkiv (Fylkesarkivet for Vestfold). Det er dei same fylka som i framtida kan koma til å utgjera ein administrativ region. Når det gjeld Oslo og det tidlegare fylket Bergen, begge med velfungerande byarkiv, vil det nok vera fullt forsvarleg å føra vidare noverande struktur med to store arkivinstitusjonar i form av eitt regionalt arkiv og eitt byarkiv.

Utvalet ser det ikkje som si oppgåve å koma med konkrete framlegg om korleis ei slik konsolidering av eksisterande arkivinstitusjonar skal skje. Ein ny struktur må finna si form som resultat av lokale og regionale behov samanhalde med overordna vurderingar. Men utvalet går ut frå at det sannsynlegvis samla vil vera behov for rundt 20 sterke regionale arkivinstitusjonar. Både etablerte samarbeidstilhøve, geografi, kommunikasjonar og folketal vil vera avgjerande for kor mange slike regionalarkiv det bør finnast. Det er i dag ein klar regional ubalanse når det gjeld det ein kan kalla arkivdekninga rundt i landet. For dagens statsarkivdistrikt varierer såleis innbyggjartala pr. fast stilling ved statsarkiva og dei kommunale arkivinstitusjonane frå 10.000 til nær 30.000, med Oslo nær 40.000.

Sjølv om folketal pr. fast arkivstilling vanskeleg kan gjelda for nokon eintydig mælestav for arkivtilstanden, fortel likevel tala at det må vera langt fleire uløyste arkivoppgåver på Austlandet og nord for Stad enn på Sørlandet og Vestlandet.

Utvalet reknar at ein sterk regional arkivinstitusjon gjennomsnittleg minst bør ha 15–20 faste stillingar. Til saman blir dette 300–400 stillingar ved dei regionale arkiva mot 225 i dag.

Dersom landet vert delt inn i 5 til 9 administrative regionar i staden for fylke vil kvar slik region normalt ha fleire regionale arkiv innan sine grenser. Det må då etablerast eit forpliktande nettverkssamarbeid mellom desse arkiva. Det kan tenkjast at ein av institusjonane bør tildelast eit særskilt knutepunktsansvar innan regionen, men dette er avhengig av kva tilhøve det vil vera mellom den administrative regionen og regionalarkiva.

Uavhengig av dette må kvar regional arkivinstitusjon ha nettverksansvar innan sine verksemdsområde for det som framleis vil finnast av eventuelle sjølvstendige kommunearkiv, lokalhistoriske arkiv og spesialarkiv.

Når det gjeld den interne organiseringa av dei nye regionale arkivinstitusjonane vil utvalet nøya seg med å peika på nokre moment med utgangspunkt i dagens arkivinstitusjonar.

Ved kvart institusjon kan arbeidet organiserast i eigne seksjonar tillagt særskilt ansvar for dei ulike forvaltningsnivåa (stat, fylkeskommune, kommune) og sektor (privatarkiv). I tillegg kan det vera avdelingar eller grupper på tvers av forvaltningsnivå og samfunnssektor for ulike arbeidsområde som t.d. formidling. Ved andre institusjonar kan det kanskje vera meir naturleg

å organisera fullt ut etter overordna arbeidsområde slik som arkivdanning, depotarbeid og formidling.

Dei nye regionale arkivinstitusjonane kan knytast saman i eit landsomfattande nettverk ikkje ulikt dagens statlege arkivverk, eit samla nasjonalarkiv. Ut frå dagens lovverk og organisering av norsk arkivarbeid vil det naturlege vera at dei regionale arkiva fagleg er underlagt riksarkivaren anten denne framleis skal ha dobbelfunksjon som leiar av den samla norske arkivsektoren med fullmakter i arkivlova og styrar av Riksarkivet, eller ikkje. Men samtidig vil også arkiva dra nytte av ABM-utviklings aktive, strategiske utviklingsarbeid for å samordna, effektivisera og styrkja arkiv-, bibliotek- og museumsfeltet.

Når det gjeld administrativ og politisk tilknytning synest det i dag mest aktuelt at eit slikt nytt offentleg nasjonalarkiv vert knytt til staten. Det bør likevel drøftast kva rolle eit eventuelt nytt regionalt folkevald nivå skal spela i høve til ein slik nyskapning. Det er i skrivande stund svært uklart korleis det regionale nivået vil bli sjåande ut i framtida. Utvalet finn difor ikkje grunn til å gå djupare ned i dette problemfeltet.

Når det gjeld administrativ og politisk tilknytning kan eit slikt nytt offentleg nasjonalarkiv knytast til staten eller til eit eventuelt nytt folkevald regionalt nivå. Men uansett er det viktig at dei nye regionale arkivinstitusjonane får eit nært tilhøve til både region- og kommunenivå. Det gjeld å bevare både lokal entusiasme, eigarkjensle og finansieringsvilje. I skrivande stund er det nokså uklart korleis det regionale nivået vil bli sjåande ut i framtida og kor store endringar det vil bli i kommunestrukturen. Utvalet finn difor ikkje grunn til å gå djupare ned i dette problemfeltet.

Utvalet konstaterer at arkivlov og anna regelverk må endrast på fleire punkt for å få realisert regionarkivmodellen fullt ut. Men også på grunnlag av gjeldande regelverk vil ein kunna realisera viktige delar av konseptet. Det kan her visast til ordningar med nært samarbeid over forvaltningsgrensene slik som ved fleire svenske arkiv, men også ved nokre norske. Både Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og Arkiv i Nordland har interkommunale arkivordningar som integrerte delar av samla verksemd. Interessant i denne samanhengen er også det fireårige forsøket frå 2004 i Møre og Romsdal med såkalla einskapsfylke med fylkeskommune og fylkesmann integrert i eitt regionalt organ. Fylkesmannen har likevel åleineansvar for oppgåver knytt til m.a. lovheimla tilsyn.

Etter arkivlova § 7 har Riksarkivaren rettleiings- og tilsynsansvar for arkivarbeidet i offentlege organ, jf. § 8 der det er fastsett at offentlege organ har plikt til å gi opplysningar om tilhøve som gjeld arkiva.

Det statlege tilsynet med kommunane er nett no i støypeskeia, med ønskje om tilsynet vert redusert og erstatta med meir kommunal eigenkontroll. Utvalet har drøfta korleis arkivtilsynet kan ivaretakast av den nye typen regionale arkiv dersom det er aktuelt med delegering av riksarkivarens tilsynsansvar. Slik delegering kan kanskje avgrensast til inspeksjons- og rettleiingsoppgåver, eventuelt til å gjeva pålegg etter nærare retningslinjer frå Riksarkivaren.

Fordelar og ulemper med regionalarkiv-modellen

I høve til dei to andre modellane har regionalarkiv-modellen fleire fordelar, men i allefall eit stykke på veg vil dette også gjelda arkivsenter-modellen med samlokaliserte, men sjølvstendige institusjonar:

Det bør vera lettare få til ei heilskapleg tilnærming til alle typar arkiv i ein region ved at éin institusjon har ansvaret.

Ein vil unngå dagens oppsplitting av arkiv på ulike arkivinstitusjonar og strid om gråsonearkiv. Forvaltningsendringar er det normale og vil nok auka på.

Publikum vil i prinsippet få færre arkivdører å banka på.

Tilbod både til arkivskaparar og publikum innan skilde forvaltningsnivå kan samordnast betre og enklare.

Det må reknast med ein viss synergieffekt ved samling av ressursar i éin institusjon, samtidig som ein det vil vera stordriftsfordelar.

I ein stor institusjon vil det vera tilgang på både meir spesialisert og variert kompetanse.

I tråd med museumsreforma vil det truleg vera lettare å få statleg delfinansiering til kommunalt og privat arkivarbeid med regionalarkiv-modellen.

Ei ulempe med regionalarkiv-modellen knytta til eit nasjonalt nettverk kan vera at ein då lett kan få eit monolittisk system, som gir lite rom for nytenkjing og eksperiment. Det er viktig at arkivinstitusjonane har eit visst handlingsrom i høve til regelverk, planar og budsjett.

Det vil etter mi meining vera ei ulempe dersom arkivinstitusjonane får for store distrikt, og dermed kan koma til å mangla den nærleiken og lokalkunnskapen som skal til for fungera i høve til verksemdsområdet.

Finansiering

Den siste generasjonen har etter initiativ og god drahjelp frå Arkivverket kommunar og fylkeskommunar finansierte oppbygging og drift av eit nett av kommunale arkivinstitusjonar. Samla driftsbudsjett for den kommunale arkivsektoren er ikkje kjent, men med 125 stillingar kan det kanskje dreia seg om 60–70 millionar kroner.

Det blir i dag ikkje ytt statstilskot til drift av kommunale eller private arkivinstitusjonar med unntak av løyvinga til Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek. Både ABM-utvikling og Norsk kulturfond støttar likevel avgrensa prosjekt for slike arkivinstitusjonar. I motsetning til dette mottar andre oppbevaringsinstitusjonar som bibliotek og museum statlege driftsmidlar til det arkivarbeidet som vert utført i desse sektorane.

Lokale og regionale musé har lenge hatt øyremerkte statlege tilskot til drift og investeringar. Då dei første statlege løyvingane vart gitt i 1920 i form av lønstilskot, sa Stortinget at sjølv om dei institusjonane det galdt ikkje var statlege ”utføres ved disse et arbeide av kulturell art, som staten måtte helt overta, om disse institusjoner ble nedlagt. Man må derfor kunne forsvare, at man søker såvidt mulig at stille dem på like fot med statsinstitusjoner av tilsvarende art.”

Gjeldande støtteordning for musea, som er kopla saman med ei omfattande nystrukturering, ein såkalla konsolideringsprosess, er ”normalt slik at staten kan dekkja inntil 60 pst. av det samla offentlege tilskotet” (Kulturmeldinga s. 181), medan fylkeskommune og kommunane dekkjer resten.

Regionalt og lokalt museums- og arkivarbeid utgjer kvar på sin måte viktige delar av det samla nasjonale kulturarvfeltet. Utvalet kan ikkje sjå at det finst grunnlag for den ulike løyvingsspraksisen som eksisterer mellom desse to områda. Den noverande politikken har altså ført til den paradoksale situasjonen at arkivarbeid i musea får statsstøtte, men ikkje arkivarbeid i regionale og lokale arkivinstitusjonar! Utvalet meiner det vil vera rimeleg at staten på sikt, slik som for museumssektoren, finansierer inntil 60 % av driftskostnadene for arbeidet med kommunale og private arkiv, medan kommunar og fylkeskommunar står for resten. Ei slik støtteordning bør kunna etablerast uavhengig av ei eventuell omorganisering innan det regionale arkivområdet.

Utvalsarbeidet – eit første steg mot ein ny politikk for dei regionale arkiva

Utvalet hadde sitt første møte i februar i fjor, siste møte er fastsett til 18. mai. Me håpar at rapporten skal verta eit viktig dokument for kommunalt og regionalt arkivarbeid framover. Men vel så viktig er den prosessen som er sett i gang i samarbeid med arkivmiljøet i form av to seminar som har teke for seg sentrale problem for sektoren. Også frå dette møtet reknar me med å få konstruktive innspel før punktum vert sett.

Som de forstår meiner utvalet at utvalet si utgreiing berre er eit første steg mot ein ny politikk for dei regionale arkiva. På ei rekkje område trengst det meir utgreiing og gjennomtenking. Utvalet har t.d. ikkje sett det som si oppgåve å setja opp status og sjå på utfordringane for statsarkiva.

I Kulturmeldinga varsla departementet at det kan vera ”aktuelt å få gjennomført ei meir prinsipiell utgreiing om status og utviklingsvegar for det norske arkivlandskapet. Perspektivet må i så fall vera å leggja til rette for ein meir heilskapleg og systematisk dokumentasjon av samfunnsutviklinga enn det som tradisjonelt har vore tilfelle.”

Det kan leggjast til at det også i høgste grad er bruk for ein ein meir heilskapleg og systematisk dokumentasjon av arkivsektoren. Men ei slik djuptgåande utgreiing må ikkje koma i vegen for strakstiltak mot målet om å få bygd opp eit nettverk av sterke regionale arkivinstitusjonar.

La meg heilt til slutt venda tilbake til 1980-talet. Eg trur at det var få av oss som då var engasjerte i arkivpolitiske spørsmål, som trudde at den kommunale arkivsektoren tjue år seinare ville ha fleire tilsette enn statsarkiva. Med bakgrunn i utviklinga i dette tidsromet bør det vera grunnlag for større optimisme i arkivmiljøet i dag enn det var då. Og det trengst med tanke på mykje ugjort arbeid og store utfordringar.

Egil Nysæter 22.04.05